



Til

Fylkesordførar og Fylkесdirektør i Vestland fylke

Alle medlemmer i fylkestinget i Vestland

Postmottak i Vestland fylkeskommune

## **Uttale til Vestland fylkeskommune vedrørande nedlegging av kollektiv tilbod i Hardanger.**

Dei føreslårte kutta i kritisk viktig infrastruktur i Hardanger er dramatiske. Infrastrukturen til og i Hardanger vert kraftig skadelidande om kuttforslaga vert vedteke gjennomført.

Hardanger er den regionen i Vestland fylke som pr. idag også har dårlegaste infrastruktur kva gjeld fylkesvegar og kollektivtrafikk. Den dårlege infrastrukturen påverkar alle som er avhengige av veg- og kollektivnettet i regionen. Det gjeld alle innbyggjarar, næringsliv, offentleg sektor og alle besøkjande som vel Hardanger som reisemål i turistsesongen.

Lista over prosjekt og tiltak som bør gjennomførast for å betra situasjonen er lang. Istadfor viktige og naudsynte nye prosjekt innehold budsjettforslaget kutt i viktige kollektivsamband som vil ramma regionen på ein uakseptabel måte.

Hardanger er den regionen på Vestlandet (fra Egersund til Kristiansund) som har desidert størst vekst i reiselivet i 2024, målt i prosent auke kommersielle overnattinger (SSB). Reiselivet i regionen er kritisk avhengig av at infrastruktur-tilboden i det minste vert oppretthalde.

I høve dei konkrete kuttforslaga vil Hardangerrådet presisera følgjande:

### **Ferjesambandet Kinsarvik - Utne.**

Dette ferjesambandet er ei viktig livsnærve i Ullensvang kommune og vert idag nytta av pendlarar, besøkjande(turistar), næringsliv og offentleg sektor. Sambandet har også ein viktig **beredskapsfunksjon** som omkøyningsalternativ når Rv13 mellom Kinsarvik og Odda tidsvis har vore (og vil verta) stengt pga ras eller rasfare. Seinast for 4 dagar sidan. Alternative omkøyningsvegar for dette ferjesambandet er svært lange og rasfarlege og vil ramma pendlarar, samfunn og næringsliv på ein heilt uakseptabel måte.

Hardangerrådet vil derfor på det sterkeste be fylkestinget om ikkje å ta bort den økonomiske støtta til ferjesambandet Kinsarvik - Utne.

### **Buss 930 ruta mellom Bergen-Norheimsund-Jondal-Odda.**

Fylkesrådmannen kuttar i avgangar på 930 ruta mellom Bergen-Norheimsund-Jondal-Odda.

Denne ruta er effektiv og svært viktig for Hardangerkommunane. Innbyggjarane brukar bussruta, ikkje minst ungdom og studentar. Den er avgjerande for dei som reiser fram og attende til Bergen i helgene. Den er og einaste bussruta me har som er direkte forbunde med Bergen. Samstundes bidreg den til å bitta saman bygder og lokalsamfunn i Hardanger. Den er også ei viktig livsnærve mellom Norheimsund, Jondal og Odda, med vidare transportkorrespondansar i andre retningar.

## **Turistbåtruta på Hardangerfjorden**

Hurtigbåtruta på Hardangerfjorden er blandt dei føreslårte kutta, på tross av at me oppnådde ei god løysing på same tid i fjor. Dette vart fulgt opp med eit konkrete innspelsmøte tilrettelagt av Skyss i mai 2024, **der det no er på trappene å etablera ei levedyktig turistbåtrute, som vil stå på eigne bein etter komande periode.**

Reiselivet arbeider for heilårsturisme, for å kunna driva berekraftig og bidra til heilårsarbeidsplassar i distrikta.

Ferjeruta Kinsarvik-Utne er også eit viktig bindeledd for reiselivet i Hardanger, spesielt i høgsesongen, der den bidreg til flyt og avlaster eit allerede overbelasta vegnett. Det er estimert opp mot 1.000.000 kommersielle overnattingar i Hardanger i 2024.

Turistbåtruta spelar ei viktig rolle i å knytta sammen Hardangerregionen Den er eit demokratisk reisetilbod som knytter sammen bygdene i Hardanger og styrkjer kjennsla av ein samla region, samtidig som den gjev turistar moglegheita til å oppleva fjorden – ein av hovedgrunnane til at mange besøkjer Hardanger (Turistundersøkelsen, Visit Norway, 2023).

Fylket og kommunane har med sitt eigarskap sikra ein forlenga driftssesong for turistbåten, det er svært viktig for å utvikla heilårsturisme i regionen. De har også sørga for at ruta skulle gå mellom fjordbygdene i Hardanger – og på den måten kunne me beholda turisten lengre i regionen og fylket vårt.

Med hjelp av denne båtruta har turistane eit berekraftig kollektivtilbud, og dei kan oppleva store og større deler av regionen

Siden pandemien ramma i 2020, har kundegrunnlaget vore svekka, spesielt fordi asiatiske turister ikkje kunne koma (som var ei viktig kundegruppe), og fortsatt ikkje er fullt tilbake, men alt tyder på at dei kjem.

Visit Hardangerfjord og reiselivsnæringen har i samarbeid med Skyss og Vestland fylke jobba iherdig med planlegging av neste anbudsperiode og innrettelsen av den, for å kunna etablera ei kommersiell, framtidsretta og berekraftig kollektiv transport tilbud på Hardangerfjorden.

Det er avgjerande å sikra fortsatt drift av denne båtruta, då bortfall vil ha omfattande negative konsekvensar for reiselivsnæringa i Hardanger. Mange enkeltståande næringsaktørar er avhengig av produkta bygd opp rundt denne båtruta.

Hardanger, 08.11.2024

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet

Timo Knoch  
ordførar Eidfjord kommune  
rådsordførar Hardangerrådet

Torgeir Næss  
ordførar Kvam herad

Roald Aga Haug  
ordførar Ullensvang kommune

Jens Olav Holven  
ordførar Ulvik herad